

Grunnvatn i Rennesøy kommune

NGU Rapport 92.108

MERK

at kommunane er skilde i A- og B-kommunar. Dette er gjort av fylkeskommunen etter oppmoding frå Miljøverndepartementet for å konsentrera innsatsen om dei kommunane som har størst behov etter målsetjinga til GiN. I A-kommunane er det gjort feltarbeid, mens det ikkje er gjort feltarbeid i B-kommunane. Der er vurderingane basert på eksisterande materiale og kunnskapar om forholda utan at ny kunnskap er innhenta. Innhaldet i rapporten vil difor i regelen bera preg av om den omhandlar ein A-kommune eller ein B-kommune.

Rapport nr. 92.108	ISSN 0800-3416	Gradering: Åpen	
<p>Tittel:</p> <p>Grunnvatn i Rennesøy kommune</p>			
<p>Forfatter:</p> <p>Jomar Ragnhildstveit</p>		<p>Oppdragsgiver:</p> <p>Miljøverndepartementet</p> <p>NGU</p>	
<p>Fylke:</p> <p>Rogaland</p>		<p>Kommune:</p> <p>Rennesøy</p>	
<p>Kartbladnavn (M=1:250.000)</p> <p>Haugesund</p>		<p>Kartbladnr. og -navn (M=1:50.000)</p> <p>1213 III Rennesøy</p>	
<p>Forekomstens navn og koordinater:</p>		<p>Sidetall: 5</p>	<p>Pris: 25,-</p>
<p>Kartbilag:</p>			
<p>Feltarbeid utført:</p>	<p>Rapportdato:</p> <p>23.03.92</p>	<p>Prosjektnr.:</p> <p>63.2521.22</p>	<p>Ansvarlig:</p> <p>GAUT STØRKEP</p>
<p>Sammendrag:</p> <p>Rennesøy kommune er ein B-kommune i GiN-prosjektet. Det vil sei at vurderingane er basert på tilgjengeleg bakgrunnsmateriale.</p> <p>Rapporten inneholder ei generell vurdering av grunnvassforholda i kommunen. Kommunen har ikkje prioritert område der forholda for grunnvassforsyning vart ynskt vurdert.</p> <p>I Rennesøy kommune kan det vera aktuelt med grunnvatn som vassforsyning, særleg til spreidd busetnad.</p>			

Emneord:	Hydrogeologi	Grunnvann
Grunnvannsforsyning	Forurensning	Løsmasse
Berggrunn	Database	Fagrappo

Innholdsliste	Side
Rapportane i GiN-programmet	(2. omslagsside)
Innholdsliste	2
1 GENERELT OM GRUNNVASSFORHOLDA I KOMMUNEN	3
2 FORUREININGSKJELDER	3
3 TIDLEGARE UNDERSØKINGAR	
Referansar	4
Bruk NGU-INFO i arbeid med grunnvatn	(3. omslagsside)

1 Generelt om grunnvassforholda i Rennesøy kommune

LAUSMASSAR

Det er ingen lausmassar som er eigna til større grunnvassuttak i kommunen. Til mindre vassforsyning kan det vera mogeleg med gravde brønnar i ein del strand- og moreneavsetningar.

FJELL

Berggrunnen i Rennesøy kommune er for det meste oppbygd av omdanna sedimentære- og vulkanske bergartar frå kambrosilurtida. Dei sedimentære bergartane er fyllitt, glimmerskifer og vekslande kvarts-feltspatgneis, kvartsitt og metasandstein. Fyllitt og glimmerskifer finst særleg på Bru og dei sørvestlege delar av Mosterøy og gjev ved boring vanlegvis små vassmengder, mindre enn 0,1 l/s pr. borhol. Lokalt finst det enkelte soner av marmor og metasandstein som vil gje noko meir vatn.

Vekslande kvarts-feltspatgneis, kvartsitt og metasandstein finst på alle øyane, særleg på Rennesøy, og vil for det meste truleg gje 0,1-0,3 l/s pr. borhol, eller noko meir (opp mot 0,6 l/s pr. borhol) i dei hardaste og mest oppsprukne partia. På Rennesøy er det elles nokre mindre parti ved Langafjellet med granittisk gneis som kan gje 0,2-0,7 l/s pr.borhol. I den vestlege delen av Rennesøy er det amfibolitt og glimmerskifer som vil gje lite vatn, mindre enn 0,1 l/s pr. borhol. Det er og amfibolittparti i sentrale og sørlege delar av austre Rennesøy.

Ved boring mot markerte sprekkesoner kan ytinga frå ein fjellbrønn vera monaleg høgare enn anslått ovanfor. Den naturlege vassyttinga i eit borhol kan også i mange tilfeller aukast noko ved kunstige metodar som trykking og sprengning i borholet.

2 Forureiningskjelder

Jordbrukskjødsling kan i enkelte område påvirke grunnvasskvaliteten. Djupe boringar kan også vera utsett for inntrengning av salt vatn dersom dei er plassert nær sjøen og vert for hardt belasta.

3 Tidlegare undersøkingar

Nedanfor er det vist ei liste over tidlegare undersøkingar i kommunen. Lista er basert på tilgjengelege data. Det kan imidlertid finnast meir data som i denne omgang ikkje er registrert.

REFERANSAR

- Birkeland, T., Müller, G., Wurm, F. (1974): Rennesøy. Foreløpig berggrunnskart 1213 III, M = 1:50.000. *NGU*.
- Jæger, Ø. (1991): Grus- og pukkregisteret i Bokn, Finnøy, Kvitsøy og Rennesøy kommuner, Rogaland. *NGU Rapport 90.079*.
- Misund, A., Folkestad, B., Ellefsen, V., Korsmo, A-R., Torsnes, O. (1990): Kartlegging av spesialavfall i deponier og forurensset grunn i Rogaland. *NGU Rapport 89.148*.
- NGU: Hydrogeologisk arkiv - borebrønnar i fjell.
- Tollefsen, J.E. (1982): En petrografisk og strukturgeologisk undersøkelse av Mosterøy, Bru og Sokn i Boknfjorden, Rogaland. *Upublisert hovedoppgave i geologi, Universitetet i Oslo*.